



LANDSLAGET FOR  
NORSKUNDERVISNING

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

## Høyringsfråsegn frå Landslaget for norskundervisning (LNU) om utkast til lov om språk (språklova)

### Generelt

LNU støtter framlegget til Kulturdepartementet om å la ei ny, heilskapleg språklov erstatte gjeldande mållov, og vidare at ansvaret til offentlege organ med dette vert utvida. For LNU er det viktig at språklova ser ut til å verte meir relevant for skriveopplæringa i norsk. Det er viktig å gjere justeringar som styrkar nynorsken si stilling, noko vi meiner framlegget til å utvide verkeområde til fylkeskommunen gjer, saman med eit krav til parallel bruk av bokmål og nynorsk i dokument i opplæringa. LNU ser og at endringa i terminologi frå «målform» til «språk» kan rydde opp i forvirringa omkring omgrep som «målføre» og «målform» som ofte vert blanda saman.

### «Målform» eller «språk»?

LNU støttar forslaget om å endre terminologi frå målform til språk/skriftspråk og er samd i dei argumenta som høyringsnotatet legg til grunn for forslaget. I tillegg meiner LNU at ei slik endring vil kunne styrke oppfatninga av både nynorsk og bokmål som to fullverdige skriftspråk, som både har sine eigne reglar og praksisar for tilpassing til ulike domene og diskursar.

### Verkeområde

Når det gjeld kva verkeområde lova skal ha, støttar LNU alternativ 1, som inneber å innlemme fylkeskommunane i verkeområdet for dei pliktreglane i mållova som i dag berre gjeld statsorgan. I norskundervisninga i skulen vil ei slik utviding av verkeområdet kunne styrke motivasjonen for elevane til å utvikle to vel fungerande målformer/skriftspråk.

### Parallel bruk av bokmål og nynorsk

LNU støttar framlegget om å krevje at tilfang til bruk i skulen og undervisninga skal lagast samstundes på nynorsk og bokmål. LNU ser det som eit viktig krav for å støtte/styrke nynorsken si stilling i skulen.

### Krav til norskspråkleg skrivekompetanse

LNU ser at det å ikkje lenger definere det som ei tenesteplikt på den enkelte statstilsette å bruke nynorsk og bokmål etter reglane i kapittel 2, kan svekke nynorsken si stilling. Samstundes meiner LNU at det er fornuftig å legge dette ansvaret på organet, slik høyringsutkastet gjer framlegg om. Ei slik endring vil gjere det meir aktuelt for organet å tilsette personar som har hatt fritak frå vurdering med karakter i sidemål. Det kan være viktig for å sikre større mangfold blant dei tilsette. Når ansvaret



er formulert som eit pålegg om å sikre naudsynt skrivekompetanse, bør det kunne støtte opp om ei styrking av skrivekompetansen både til organet samla sett og for den enkelte tilsette. LNU ser at saman med kravet om nynorskkompetanse i fylkeskommunane vert dette ei meir heilskapleg ordning.

Med vennleg helsing

Aslaug F. Gourvennec

Styreleiar i LNU

Siv Sørås Valand

Dagleg leiar i LNU